


## **Detaljregulering for Etnesjøen del 2 - endring**

## **Endring etter forenkla prosess jf. PBL §12-14**

Planomtale

PlanID R-108\_02



Dato: 25.10.2022  
Vedteken:  
Utarbeidd av: Avdeling for Utvikling  
v/EPS, Rådgjevar Plan og miljø

## Innhold

|                                                          |    |
|----------------------------------------------------------|----|
| 1. Introduksjon .....                                    | 3  |
| 1.1 Bakgrunn .....                                       | 3  |
| 1.2 Trong for endring av gjeldande reguleringsplan ..... | 3  |
| 2. Skildring .....                                       | 5  |
| 3. Oppsummering.....                                     | 11 |



Figur 1 Oversiktsbilete Etne sentrum

## 1. Introduksjon

### 1.1 Bakgrunn

Etne kommune har fått tildelt midlar frå Statens vegvesen for å etablere ei sone for henting og levering av elevar ved Enge skule, ei såkalla «droppsone» på nedsida av Skakkesenteret (kulturhuset). Dei tildelte midlane er eit tilskot til trafikksikre skulevegar og nærmiljø for å stimulera til å etablere Hjartesonar rundt skular. Droppsona er ein del eit slikt prosjekt.

- Hjartesone er eit prosjekt frå Trygg trafikk til å hjelpe med å få mindre biltrafikk rundt skular.
- Mindre biltrafikk gjer det sikrare og trivelegare for elevane å gå eller sykla.
- Born som går og syklar får mosjon, frisk luft, treff vener og blir vant med å ferdast i trafikken.
- Born som vert køyrd skal sleppast av i ei droppsona som ligg *utanfor* Hjartesonan.



### 1.2 Trong for endring av gjeldande reguleringsplan

Det er trong for å gjere ei mindre justering av gjeldande reguleringsplan for Etnesjøen 2 (planID R-108) for å få dette til. Etne kommune v/avdeling for Utvikling er forslagsstillar.

1. Omrent 1 daa av føremålet «Ballplass» vert innlemma i tilliggjande føremål for offentlege bygg.
2. Regulert «Parkering» (bakken ned til Engeleiren) på 425m<sup>2</sup> vert innlemma då det ikkje er hensiktsmessig eller trong for parkering her. Området vert i dag nytta som snarveg.
3. Etablert tilkomst mot framtidig droppsone med tilhøyrande frisiktsone vert regulert inn.



Figur 2 Utsnitt frå gjeldande reguleringsplan, Etnesjøen 2, R-108 med påteikna droppsone og Hjartesone.

I den vedtekne planen ligg Skakkesenteret i område for ålmennytige føremål. Enge skule ligg i område for offentlege bygg. Det er ikkje knytt opp føresegner for eksakt kva som kan tillatast og ikkje i desse områda. Det er med andre ord ikkje beint fram å velje eit føremål for droppsona, og det er opp til kommunen som reguleringsmynde å velje eit alternativ som er mest praktisk.

Rettleiar for reguleringsplanar etter PBL1985 skildrar føremåla slik:

- Offentlege bygg angir område som t.d. er eigd av kommunen, og skal skildrast med underføremål (her undervisning).
- Ålmennytig føremål angir område som t.d. er eigd av private organisasjonar som driv verksemd av ålmenn samfunnsmessig karakter, og skal ha underføremål (her forsamlingslokale).

Droppsona er ein del av skulen sin daglege verksemd, og vil ligge på eigedom 9/176 (kommunal) og 9/180 (kommunen er deleigar i eit sameige). Det er fortrinnsvis gunstig å regulere droppsona til same føremål som den tilhøyrande skulen, og vert føreslått regulert til føremål for offentlege bygg.



*Figur 3 Ortofoto med inntekna droppsona og med eigedomsgrenser i raudt.*

#### **Det vert ikkje gjort endringar i føresegnene til planen.**

Innkøyring til droppsona skjer frå kommunal veg via eksisterande avkjørsle og inn til parkeringsplassen til Skakkesenteret. Den kommunale vegen har fortau, og avkjørsla er bygd med slik breidd at to personbilar kan passere samtidig. Avkjørsla er avgrensa med avvisande kantstein, og frisikttilhøvet er tilfredsstillande. Fellesføresegnene til planen opnar for at avkjørsler kan byggjast inn til byggeområda, og vart bygd i tråd med det då kulturhuset utvida seg i 2012, men er ikkje regulert på plankartet. **For å sikre tilkomst via avkjørsla også til droppsona, er den teke med i reguleringsendringa.** Droppsona kan få alternative tilkomstar; på andre sida av ballplassen, eller gjennom engeleiren (regulert offentlege bygg, kommunal drift). I det korte løp er det likevel den etablerte tilkomsten v/ Skakkesenteret som er ynskjeleg å nytte.

Regulert parkering langs fylkesvegen går ut som følgje av endringa. Det har aldri vore noko parkeringsplass på dette arealet som er ein bakke ned til engeleiren og skateparken, nytta som snarveg av elevane. Ein mistar ikkje parkeringsplassar ved å innlemme arealet i føremålet for droppsona.

## 2. Skildring

Enge skule ligg i Etne sentrum via-a-vis Skakkesenteret, og har 411 elevar. Etter at den vidaregåande skulen/fylkeskommunen gjekk ut av Skakkesenteret vart klasseromma overtatt av ungdomsskulen til Enge skule. Skulen er med andre ord delt på tvers av den fylkeskommunale vegen, med 1. til 7. klasse på sørssida, og ungdomsskulen på nordsida. Ungdomsskulen har delar av undervisninga si på Enge skule-sida, og Skakkesenteret vert mykje nytta av elevane på Enge skule-sida, då det her er bibliotek. Det er trond for tiltak for å gjere området kring skulen meir trafikksikker for elevane, særleg ved henting og levering at det er observert potensielt farlege situasjoner. Det vert føreslått ei droppsona på nedsida av Skakkesenteret, og ei Hjartesone (som er eit haldningsskapande arbeid) mellom Skakkesenteret og Enge skule. Hjartesone-arbeidet vil først og fremst ligge hjå skulen, og vert ikkje omfatta av denne reguleringsendringa.

Sjølv om droppsona ligg like ved Skakkesenteret og vis-a-vis Enge skule, er området regulert til friområde med feltnamn «Ballplass». Dette heng nok saman med at området tidlegare har vore nytta til fotballbane, «Grusen». Saman med innandørs bane i Skakkesenteret (Skakkehallen), den relativt nye kunstgrasbanen, banar vest for denne, og påbegynt arbeid med to nye 3-arbanar ved Enge barnehage, har ikkje «Grusen» vore nytta til ballaktivitetar dei siste åra. Plassen er vorte nytta til oppstillingsplass ved Etnemarknaden og Etnecup, og frivillige har dei siste åra tatt initiativ til å lage skøytebane her på vinterstid.

Desse aktivitetane vil framleis kunne gjennomførast etter at droppsona er på plass.



Figur 4 Ortofoto.

Ei droppsone på delar av «Grusen» gir trong for å korte inn arealet med ca. 1/3 (under 1 daa).

**Den nye plassen vil ha ei breidd og lengd på minimum 40 x 48 meter.**

Til samanlikning har følgjande ballspelbanar desse storleikane (i meter):

|                   |                  |                         |
|-------------------|------------------|-------------------------|
| • Basketball:     | 16 x 9           | Treningsbane            |
| • Fotball:        | 33-45 x 18-25    | 5-er fotball            |
| • Tennis:         | 36.6 x 18.3      | Standard konkurransbane |
| • Sandvolleyball: | 15 (+3) x 7 (+3) | Nærmiljøanlegg          |

Ballspel kan med andre ord framleis nyttast på ballplassføremålet - også etter etablering av droppsona.

Før Skakkesenteret vart bygd, stod «Grusen» som ein stor bane og vart mykje nytta saman med grasbanen (på stadion). Etter at Skakkesenteret kom med idrettshall, og at idrettslaget fekk ny kunstgrasbane, har «Grusen» primært vorte nytta til oppstillingsplass av bilar og utstyr under Etnemarknaden og Etne cup. Desse har difor vorte involvert i prosessen som berørte partar.

Etnemarknaden: Etnemarknaden har gitt innspel på å asfaltere «Grusen» av omsyn til marknadsdagane. Marknaden har allereie minska mykje av arealet sitt, og treng plassen dei har att.

Det er noko uklart kva grunnlaget for at «Grusen» ikkje vart regulert til føremål for «idrettsanlegg» (slik som kunstgrasbanen og stadion) den gongen planen vart vedteke, i staden for friområde som elles i planen er nytta for «park». At plassen skal gå fram som eit areal for born og unge og ev. rekreasjon er tydeleg. Det vert difor ikkje råda til å asfaltere flata slik intensjonen i planen vert tolka. Til orientering vert Etnemarknaden arrangert i skuleferien, og kjem ikkje i konflikt med planlagt droppsone.

Droppsona skal asfalterast og malast med asfaltmaling, og kan nyttast som oppstillingsplass ved marknad/Etne cup.

Idrettsrådet: Idrettsrådet ser det som positivt å sikre ungane, og ynskja vi nytta mål på idrettsanlegg jf. rettleiaren «Målbok for idrettsanlegg». Desse måla er lagt til grunn.

Droppsona skal skiltast med Trygg trafikk sine malar for skilt.




Figur 5 Trygg trafikk sin skiltmal for droppsone.

Ved droppsona skal eksisterande avkjørsle nyttast, og dagens tilsett-parkering langsmed Skakkesenteret vert uendra. Det vert føreslått for meir parkering også for ventande bilar som skal hente born.

Ved trappa opp til gatenivå/skulen vert det etablert eit fortau med avisande kantstein langsmed skråninga. Her skal elevane sleppast av. Det er føreslått 6 ventepllassar for bil ved av- og påstigingsfeltet (fortauet).

Droppsona er elles utforma som ei einvegskøyrt rundkjøring.

Droppsona skal asfaltes og malast med asfaltmaling, og kan nyttast som oppstillingsplass ved marknad/Etne cup. For å understreke den einvegskøyrede rundkjøringa kan det plasserast ut mellombelte element som hindrar kjøring på tvers.



*Figur 6 Skisse av droppsona på nedsida av Skakkesenteret. Kjøreretninga illustrert med piler.*

Levering: Elevar vert levert ved fortauet.

Henting: Elevar ventar på fortauet fram til føresette kjører bilen inntil.

Kommentar: Ingen elevar skal leverast/hentast utanom fortauet.


## Vurdering av trafikkbiletet

Krysset mot E134 «Expert-krysset» gir i dag trafikale utfordringar. Særleg tre situasjonar peikar seg ut:

1. Tungtrafikken som skal til Tongane må vike for trafikken frå fylkesvegen (skulen/Skakkesenteret). Då vert dei ståande ut i europavegen med risiko for tilbakeblokking bakover på europavegen i austleg retning. Som følgjer vert trafikk frå venstresvingefeltet på frå vest stoppa med fare for tilbakeblokking i vestleg retning. Tungtrafikken som står med hengaren ut i E134 står i ein slik situasjon med bilen over heile gangfeltet (!).
2. Tungtrafikk frå Tongane som skal ut på E134 må stå og vente for å finne stor nok luke ut på E134. Dette fører til risiko for tilbakeblokking bakover på vegen Tongane. Dette i seg sjølv representerer ikkje nødvendigvis eit risikobilete. *Det er når bilane står oppå gangfeltet for å kome seg ut på E134 at vi får ein farleg situasjon.*

Situasjonen vert stadig meir uoversiktleg når skuleborn skal over gangfeltet samtidig med at bilar frå skulen/Skakkesenteret pressar seg inn i krysset for å imøtekome vikande trafikk. Dette er det ikkje plass til når det 1) er mykje bilar i krysset, og 2) ventande bilar står på rett stad BAK gangfeltet (som dei skal). Det har vore meldt inn ein særleg trafikkfarleg situasjon der born kryssar over draget mellom bil og hengar for å komme over.

3. Bilar og lastebilar står ofte over gangfeltet for å få tid nok til å kome utpå europavegen. Dette fører til at born og unge kryssar der det er plass, gjerne også der det ikkje er merka overgang. Dette fører sjølv sagt til farlege situasjonar.



*Figur 7 Typisk situasjon som vert observert ved skulestart og skuleslutt. Her er det vikeplikt frå høgre. Oransje = personbil, lilla = tungtransport.*

Situasjonen vil klart betrast dersom det kjem færre bilar frå fylkesvegen (skulen/Skakkesenteret).

#### Eksisterande tiltak

På fylkesvegen i Hjartesona (forbi/gjennom skuleområdet) er det allereie i dag sett i verk fleire trafikkdempande tiltak. Dette er fysiske tiltak med fartshumpar og farts-«pute», og skilting med 30-sone og fareskilt «barn» med underskilt skule.

Fartsregulerande tiltak frå aust



Fartsregulerande tiltak frå vest



Kryssingsområdet mellom Skakkesenteret og Enge skule



### Mogelege tiltak ved «expert-krysset»

Etne kommune vurderer fleire tiltak for å betre situasjonen kring krysset. Det er gjennomført samtalar med vegvesenet og fylkeskommunen for å vurdere tiltak som kan vere aktuelle. Endeleg løysing vert planlagt og iverksett uavhengig av denne reguleringsendringa.

- Forkjørssregulere krysset, der bilar frå fylkesvegen (skulen/Skakkesenteret) har vikeplikt  
Dette tiltaket vil føre til lengre ventetid for bilar på fylkesvegen, og potensielt oppstuing bakover mot skulen. Dette må likevel kunne aksepteraast av omsyn til å sikre ein trygg skuleveg. Bilar på fylkesvegen som opplever å bli ståande i «kø» har likevel mogelegheit til å køyre om stadionvegen/Tonganevegen. Det gjeld særleg gjennomgangstrafikken i perioden det er mykje bil som skal til/frå skulen (ved skulestart og skuleslutt).

**Å stimulere til mindre bilar gjennom skuleområdet i desse tidsromma er i tråd med målet om å sikre ein tryggare skuleveg for born og unge.**

- Arrangere «gå-buss» i regi av foreldre/skulen.  
Ei gruppe som går eller sykler saman med elevane til skulen. Gruppa plukkar opp elevar på faste stader og på bestemte tidspunkt.
- Ha vaktar ved krysset som skal verke vikande for trafikk som står med bilen over/på gangfeltet.

**Trygg trafikk har mange tiltak retta mot skule og FAU av haldningsskapande verdi som del av arbeidet med å etablere områda rundt skulane som ei Hjartesone.**

I kombinasjon med det haldningsskapande arbeidet med å innføre Hjartesone er det ynskjeleg å:

- Redusere gjennomgangstrafikken i Hjartesona i perioden der det skjer samtidig henting og levering av born. Det betyr i tida:
  - Kl. 08:30 til 09.00
  - Kl. 13:25 til 13:45
  - Kl. 14:25 til 14:45

Ved å innføre droppzone utanom Hjartesona er det ynskjeleg å:

- Minke risikobiletet mellom bilar som brukar busslomme (kombinasjonen personbilar, buss/taxi og gangfelt) og parkeringsplass (kombinasjonen ryggande bilar og gåande trafikantar) ved levering og henting til eit minimum, som eit ulukkesførebyggjande tiltak.

**Det er gjennomført ei trafikkteljing for å vurdere trafikkbiletet kring skulen ved skulestart og skuleslutt. Resultatet frå dette arbeidet ligg vedlagt.**

### 3. Oppsummering

Plan- og bygningslova §12-14 gir mogelegheit til å endre ein gjeldande reguleringsplan når

*«(...) endringene i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen for øvrig, ikke går utover hoveddrammene i planen, og heller ikke berører hensynet til viktige natur- og friluftsområder»*


Kva som ligg i «ikke går utover hoveddrammene i planen» skal vurderast konkret av kommunen. Det same gjeld vurderinga om endringa «liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen for øvrig».

Endringa er i tråd med hovuddrammene til planen, og påverkar ikkje gjennomføringa av denne. Ca. 2 daa av det tidlegare 2.8 daa store friluftsføremålet «Ballplass» står att, eit areal som sikrar framtidig bruk til slikt føremål. Droppsona med einvegsregulert rundkøyring vil kunne opparbeidast med asfalt og vegoppmerking slik at heile arealet framleis kan nyttast som oppstillingsplass ved marknad og Etnecup. Store delar av arealet er frå før asfaltert.


Vi meiner at planlagde tiltak ikkje er i strid med nasjonale eller viktige regionale interesser, og at endringa ikkje har konsekvensar av tyding for andre saker. Endringa er viktig for å kunne etablere dei tiltaka vi har til rådighet for å sikre ein trygg og sikker skuleveg – samtidig som at øvrig biltrafikk er sikra god framkommeleiehet.

**I tråd med plan- og bygningslova §-14 tredje ledd skal forslag til endring kunngjeraast hjå berørt mynde, samt eigarar og festalar som vert direkte berørt av endringa.** Samtidig skal også andre berørte ha anledning til å uttale seg før ein treff vedtak. Forslaget vert kunngjort i lokalavisa Grannar og på nettsidene til kommunen.

Forslag til endring skal etter at fristen er ute leggjast fram for forvaltningsutvalet til kommunen.



Figur 8 Utsnitt plan; forslag til endring av plan.



Figur 9 Utsnitt plan; gjeldende plan. Plangrenser for endringa syner til orientering.